

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.04.2026

Vår ref.: 202603574-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Nye Tussa kraftverk – Felles offentlig høyring – Søknad om anleggskonsesjon og detaljplan for miljø og landskap – Volda kommune i Møre og Romsdal fylke

NVE sender med dette søknad om anleggskonsesjon for nettilknytning og detaljplan for miljø og landskap for bygging av nye Tussa kraftverk i Volda kommune på offentlig høyring. Det er Tussa Energi AS som søker NVE om anleggskonsesjon, og godkjenning av detaljplanen. Søknadane er på felles høyring, og vi ber om at fråsegn sendast NVE innan 21. mai 2026. Søknadane er tilgjengeleg på NVEs internettsider www.nve.no/9588/V under «bygging og drift».

Søknad om detaljplan for miljø og landskap

Løyve til å bygge Tussa kraftverk vart gitt i kgl. res 28.06.1957 og i NVE sitt vedtak om fritak frå konsesjonsplikt datert 13.06.2025. Vassdragskonsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og difor er ikkje konsesjonsspørsmålet gjenstand for ny høyring.

Kort oppsummering av tiltaket frå detaljplanen

Nye Tussa kraftverk skal ligge på Bjørke inst i Hjørundfjorden i Volda kommune. Kraftverket skal byggjast parallelt med eksisterande Tussa kraftverk, med inntak i Tyssevatnet, ny vassveg i fjell og ny kraftstasjon i fjell. Det skal byggjast ein køyrbar veg opp til Tyssevatnet frå eksisterande traktorveg. Om lag halvvegs vert det bygd køyretunell før vegen går i dagen det siste stykke opp til dam Tyssevatnet. I samband med bygginga av det nye kraftverket planlegg Tussa òg rehabilitering av den eksisterande dammen for å oppfylle krava etter damsikkerheitsforskrifta. Detaljplanen syner anleggsområda, og kva permanente og mellombelse inngrep prosjektet vil føre med seg. Prosjektet planlegg oppstart hausten 2026.

NVE si handsaming av detaljplanen

NVE skal godkjenne detaljplanen for miljø og landskap før arbeida kan setjast i gang. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår og godkjente planar. Vi vil og kontrollere at anleggsområda vert rydda opp, og sette forsvarleg i stand. Generell informasjon om miljøtilsynet si rolle ved oppfølging av vassdragsanlegg finn de på nve.no - [Miljøtilsyn vassdragsanlegg](http://nve.no).




Søknad om anleggskonsesjon

Tussa Energi søker om anleggskonsesjon i medhald av energilova til elektriske anlegg i kraftverket for å knyte kraftverkets produksjon til nettet.


Tussa Energi søker om å få bygge, eige og drive:

- To generatorar, to krafttransformatorar samd naudsynte høgspenningsanlegg inne i kraftstasjonen til Tussa II.
- To jordkablar på om lag 970 meter frå kvar av transformatorane i Tussa II kraftstasjon og til Bjørke transformatorstasjon, med nominell spenning 132 kV og tverrsnitt med minimum straumføringsevne tilsvarande TSLF 3 x 1 x 630 m².
- Ein krafttransformator i eksisterande Tussa kraftstasjon
- Ein jordkabel på om lag 720 meter frå Tussa kraftstasjon og til Bjørke transformatorstasjon, med nominell spenning 132 kV og tverrsnitt med minimum straumføringsevne tilsvarande TSLF 3 x 1 x 630 m².

Tussa Energi søker også om ei mellombels løysing i fall kraftverket vert ferdigbygd før områdekonsesjonær Linja får bygd ny 132 kV kraftleidning mellom Tussa og Ørsta. I så fall ynskjer kraftselskapet å knyte seg til eksisterande 66 kV-nett med hjelp frå ein omkopplbar transformator og den eine kabelkursen ut av tilkomsttunnelen og drifte dette på 66 kV. I ein skøytekum ved Bjørke transformatorstasjon vil kabel frå Tussa II kraftverk koplast saman med kabel frå eksisterande Tussa kraftverk, og krafta førast via eksisterande Tussa kraftverk til Linja sitt eksisterande 66 kV koplingsanlegg utanfor eksisterande Tussa kraftverk.



Figur 1: Situasjonsplan som syner omsøkt løysing for ei permanent situasjon med nettknytning. Kilde: Tussa Energi si søknad av 19. februar 2026.



Figur 2: Situasjonsplan for mellombels løysing for tilknytning til nettet på 66 kV. Kilde: Tussa Energi si søknad av 19. februar 2026.

Kva ønskjer NVE fråsegn om til søknad om anleggskonsesjon?

Vi ber om fråsegn frå alle høyringspartar som har innspel til planane for dei elektriske høgspentanlegga, eller forslag til justeringar av planane for å redusere moglege negative verknadar av tiltaka.

Kva ønskjer NVE fråsegn om til søknad om detaljplan for miljø og landskap?

Sjølve konsesjonsspørsmålet (vassdragskonsesjonen) er ikkje oppe til høyring. Vi ber om uttale på arealbruk, utføring og avbøtande tiltak som er skildra i detaljplanen. Lokale forhold og ny kunnskap om naturmiljøet er relevant. Uttale frå sektormyndigheiter og interesseorganisasjonar bør vere innafør deira ansvarsområde.

Privatrettslege forhold vert ikkje vurdert av NVE og må handterast mellom partane.

Konsesjonæren sitt ansvar

Vi ber Tussa Energi AS om å varsle grunneigarar og andre med rettar i området som vert råka av tiltaket, og samtidig informere om fristen for uttale. Konsesjonæren har ansvaret for å avklare



privatrettslege forhold med dei som vert råka og har rettar i området. I tillegg må konsesjonæren innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida kan ta til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 er vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal likevel vere avklart i høve til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova og energilova. Dette følgjer av lovkommentar til plandelen i plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for å sende uttale er 21.05.2026

Send fråsegn til nve@nve.no eller pr. brev til: NVE, Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, og merk med «Høyringsfråsegn» og saksnummer **202603574** i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert uttalar eller deler av uttalar referert i utgåande brev. Dersom han er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Av same grunn ønskjer vi å få teksten elektronisk. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

NVE ønskjer tilbakemelding viss viktige partar ikkje er på lista over mottakarar av dette brevet.

Med helsing

Randi Holme
fagleiar

Karianne Rognhaugen
overingeniør

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Mattilsynet
DNT SUNNMØRE
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda
Sunnmøre Friluftsråd



Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
VOLDA KOMMUNE
BJØRKE IDRETTSLAG
SKJÅSTADDALEN FRILYNDE UNGDOMSLAG
BJØRKE GRENDALAG
Austefjord og Bjørke Bondelag

Kopimottakarliste:

TUSSA ENERGI AS